



Nissedal kommune
Interkommunalt plankontor

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Melding om vedtak

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
«REF»	2019/390-20	Sveinung Seljås,35048430 sveinung.seljas@nissedal.kommune.no	140	12.04.2019

Rullering av kommuneplanen - varsel om planoppstart - forslag til planprogram - høyring/offentleg ettersyn - særutskrift

Her følgjer særutskrift av formanskapssak 035/19.

Formannskapet har her vedtatt rullering av kommuneplanen, samfunnsdel og arealdel. I medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 11-12, blir det varsla oppstart av dette arbeidet.

Formannskapet har samstundes vedtatt forslag til planprogram for denne planrevisjonen. Dette blir nå sendt på høyring/lagt ut til offentleg ettersyn, jf. pbl §11-13. Kva revisjonsomfang kommunen legg opp til, går fram av planprogrammet. Forslag til planprogram ligg som vedlegg til denne meldinga.

Gjeldande plan, samfunnsdel og arealdel, ligg på lenka under:

<http://www.nissedal.kommune.no/arealplanar/kommuneplan>

Merknader/endringsforslag til planprogrammet må innan **24.05.19** sendast til:

Innspel til sjølve planarbeidet må innan **01.08.19** sendast til:

info@nissedal.kommune.no, eller til:

Nissedal kommune Treungvegen 398 3855 TREUNGEN.

Med helsing

Sveinung Seljås
-plansjef

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.



Nissedal kommune

Arkiv: 140
 Saksmappe: 2019/390-16
 Sakshandsamar: Jan Arvid Setane
 Dato: 01.04.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	35/19	10.04.2019

Rullering av kommuneplanen - varsel om planoppstart - forslag til planprogram - høyring/offentleg ettersyn

Vedlegg:

- 1 Framlegg til planprogram - rullering av kommuneplanen 2020-2031
- 2 Plankart - Nissedal kommune

Fakta i saka:

Gjeldande kommuneplan vart vedteke i 2014. I kommunal planstrategi 2016-2020 vart det vedteke at kommuneplanen skulle reviderast i 2017. Plan- og bygningslova stiller krav til at det ved slik revidering skal utarbeidast eit planprogram, at forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggst ut til offentleg ettersyn, og at endeleg planprogram skal vedtakast av kommunestyret (§11-13).

Eit planprogram legg føringar/rammer for korleis planarbeidet skal gjennomførast. Det er innhaldet i forslag til planprogram formannskapet skal ta stilling til i denne saka.

Samstundes med at planprogrammet blir lagt ut til offentleg ettersyn/sendt på høyring, må det også varslast oppstart av sjølve planarbeidet, slik den same lovparagrafen syner. Det vil seie at kommunen innan den fastsette høyringsfristen/innspelsfristen på minimum seks veker, opnar for både høyringssvar til planprogramforslaget, og for innspel direkte til planarbeidet.

Vurdering:

Forslag til planprogram bør vere sjølvforklarande, og mykje av det er tidlegare drøfta i formannskapet. Innhaldet blir difor ikkje kommentert nå i saksframstillinga. Når det gjeld framdriftsplanen, så går det fram av denne at det vil vere nytt kommunestyre som handsamar og legg planforslaget ut på høyring, og at dette då truleg ikkje vil skje før fyrste møte i 2020.

Det er viktig at ein er medviten om at ein ved revidering av samfunnsdelen skal halde seg på eit overordna nivå, med særleg fokus på dei tema som er peika ut. Rådmannen si tilråding:

I medhald av pb. §11-13 legg formannskapet forslag til planprogram for rullering av kommuneplanen, samfunnsdelen og arealdelen, slik det går fram av vedlegget til denne saka, ut

til offentlig ettersyn. Ettersynsperioden fastsetjast til 12.04 – 24.05.19 Forslaget blir og i medhald av same lovparagraf sendt på høyring, med høyringsfrist 24.05.19. Samstundes får rådmannen i oppdrag å varsle oppstart av planarbeidet, jf. også her pb. §11-13, der det i kunngjeringa skal visast til det framlagte forslaget til planprogram.

Saksprotokoll i Formannskapet - 10.04.2019

Omforeinte redaksjonelle endringar/suppleringar/presiseringar innarbeidd i framlegg til planprogram under formannskapet si handsaming.

Votering: framlegg til planprogram, med redaksjonelle endringar, samrøystes vedteke.

Vedtak

I medhald av pb. §11-13 legg formannskapet forslag til planprogram for rullering av kommuneplanen, samfunnsdelen og arealdelen, slik det går fram av vedlegget til denne saka, ut til offentlig ettersyn. Ettersynsperioden fastsetjast til 12.04 – 24.05.19 Forslaget blir og i medhald av same lovparagraf sendt på høyring, med høyringsfrist 24.05.19. Samstundes får rådmannen i oppdrag å varsle oppstart av planarbeidet, jf. også her pb. §11-13, der det i kunngjeringa skal visast til det framlagte forslaget til planprogram.